



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Byggoppdrag AS

Østre Hopsvei 14
5232 PARADIS

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Benjamin Hicks

Vår ref.

2010/1388 - 0 -
18181/2011

Telefon

56375000

Arkivkode:

196/163

Dato:

08.07.2011

Delegert sak

Endringsløyve og løyve til igangsetting på vilkår - gbnr 196/163 Midtgård

Vi viser til søknad om endringsløyve og igangsettingsløyve mottaken her 27.06.2011 med vedlegg.

- søknad om ansvarsrett med vedlegg
- gjennomføringsplan
- dokumentasjon i samsvar med vilkår i gjeve rammeløyve
- bustadspesifikasjon i matrikkelen
- naboerklæringar
- situasjonskart (tilkomst) og utomhusplan

Saksutgreiing/Vurdering

Rammeløyve vart gjeve på vilkår den 10.05.2011.

Søknaden gjeld endra plassering av bustaden med redusert avstand til tomtegrense, bytte av ansvarsrett for ansvarleg søkjar og søknad om ansvarsrett for PRO bygning og installasjonar.

Føretaket John Arve Halhjem AS utgår. Byggoppdrag AS får ansvarsrettar i prosjektet.

Kommunen er merksam på at utnytingsgraden er no endra til 24,01. Det kan sjå ut som at vilkåra i gjeve rammeløyve er stetta, jf pbl § 21-4, 4. ledd.

Manglar

Viser til telefonsamtale med byggmester Roy Nordanger i dag den 08.07.2011. Både søknad om ansvarsrett og gjennomføringsplanen er mangelfull.

- Det går ikkje fram av gjennomføringsplanen at samsvarserklæringar er sendt inn.
- Det er søkt om funksjonen kontroll for prosjekteringsarbeida.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C.5.2.b3 – endringsløyve/igangsettingsløyve – 2011	Gebyr
Tilleggsgebyr middels	7.300
SUM	7.300



Vedtak:

Søknad om endring av plassering på bustaden, vert godkjent med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a.

Søknaden om igangsettingsløyve etter pbl § 21-2 (5) vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Gebyr må betalast i samsvar med gebyrregulativet for Lindås kommune, jf pbl § 21-4 (6).
2. Vilkåra i rammeløyve av 10.05.2011 gjeld.
3. Avviksmelding frå føretaket Byggoppdrag må sendast inn seinast ved søknad om ferdigattest.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve, jf pbl § 21-10.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at rammeløyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3).

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L	Ny
SØK	T1		Byggoppdrag AS	990011966	L	x
PRO	T1	Bygning og installasjonar	Byggoppdrag AS	990011966	L	x
PRO	T1	Sanitær og varmeanlegg	Lindås Rør & Sanitær as	935347920	S	
PRO	T1	Grunn- og terrengarbeid	Nordhordland Ingeniør og Byggmesterforretning AS	995671891	S	
UTF	T1	Bygning og installasjonar	John Arve Hålhjem as	995682567	S	
UTF	T1	Betongarbeid	Byggm. Per Augestad as	979647840	S	
UTF	T1	Sanitær og varmeanlegg	Lindås Rør & Sanitær as	935347920	S	
UTF	T1	Grunn- og terrengarbeid	Nordhordland Ingeniør og Byggmesterforretning AS	995671891	S	

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks
rådgjevar

Kopi til:
Helge Blindheim Blindheimsvegen 251 5131 NYBORG